

*TYSVÆR KOMMUNE*

KONTROLLUTVALET SI  
ÅRSMELDING  
FOR 2011

---



KONTROLLUTVALET  
TYSVÆR KOMMUNE

---

## 1. INNLEIING

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som på vegne av kommunestyret skal føre det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga. Ordninga er heimla i kommunelova og i forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller også til dette. I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget*”.

---

## 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

I perioden 2007-2011 auka Tysvær kommunestyre kontrollutvalet frå 5 til 7 faste medlemmer med numerisk valde varamedlemmer:

### Faste medlemmer

Leiar	<b>Jakob Alstveit</b> (Sp)
Nestleiar	<b>Jorunn Martinsen</b> ((Frp)
Medlem	<b>Arne Jon Myskja</b> (Krf)
Medlem	<b>Arne Henry Grottvik</b> (H)
Medlem	<b>Magnar Halvorsen</b> (H)
Medlem	<b>Atle Heskja</b> (A)
Medlem	<b>Reidun Lundø</b> (A)

### Varamedlemmer:

1. Gunnar Egge (V)
2. Odd Harald Kvam (Sp)
3. Ivar Bjordal (Frp)
4. Henning Bratthammer (SV)

Magnar Halvorsen var fast kommunerepresentant til Terje Knoff var tilbake frå fritak. Elles var Magnar Halvorsen og Jorunn Martinsen 1. vararepresentant til kommunestyret.

For perioden 2011- 2015 har Tysvær kommunestyret vald følgjande 5 faste medlemmer:

### Faste medlemmer

Leiar	<b>Jakob Alstveit</b> (Sp)
Nestleiar	<b>Gunnar Egge</b> (V)
Medlem	<b>Randi I. Rettedal</b> (Frp)
Medlem	<b>Tormod Førland</b> (H)
Medlem	<b>Laila M. Ramstad Nemeth</b> (A)

### Varamedlemmer:

1. Hanna Marit Molland (A)
2. Rita Bårdsen Førland (Krf)
3. Trond Fludal (H)
4. Ole Andreas Stakkestad (Sp)
5. Torbjørn Berge (H)

Tormod Førland er også kommunerepresentant. På felles informasjon for alle kontrollutvala på Haugalandet 28.11.11 i Akسدal deltok alle dei valde medlemmene og 1. varamedlem. Utvalet hadde fyrste møte 20. desember 2011.

I 2011 blei det gjort framlegg om at kommunen skulle ha sitt eige reglement for kontrollutvalet. Reglementet blei vedteke av kommunestyret i møte 20.06.11, sak 66/11.

---

### **3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2011**

---

Kontrollutvalet har i 2011 hatt 4 møte fordelt på to møte på våren og to møte om hausten. Kontrollutvalet sine møte har i 2011 vore opne, då utvalet har vedteke å halde møta for opne dører (§ 77 nr 8) frå 01.03.11. Utvalet har helde sine møte i Kårstørommet i Tysvær rådhus.

Utvalet har hatt **25** (19) saker til handsaming og **45** (40) saker til orientering. Som vedlegg til årsmeldinga er det laga ei oversikt over dei saker som er lagt fram for kontrollutvalet.

Jakob Alstveit og Arne Jon Myskja deltok på konferanse i regi av Norges Kommune-revisorforbund på Gardermoen 02.-3.02.11. Ingen deltok på Forum for kontroll og tilsyn sin konferanse i juni. Alstveit, Egge og Rettedal deltok på haustkonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 08.12.11.

---

### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskaps-revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 24.05.11 kommunen sin årsrekneskap for 2010 til handsaming. Revisjonen hadde ikkje atterhald eller presiseringar. Økonomisjefen lova å sjå på rutinane for å halde frist for avlevering neste år. I årsoppgjersbrevet var det peika på at det var uklårt om løyve til Tveit vidaregåande skule var tilskot eller lån. Dette skulle bli avklart i løpet av året.

#### **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltnings-revisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret. Tysvær kommune sin plan for 2008-2011 blei vedteken av kommunestyret i møte 17.02.09, sak 2/09.

Rapport om forvaltningsrevisjon innan innkjøp og innkjøpssamarbeid er ikkje levert. Rapport var venta i 2011.

#### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2008-2011 og

retningslinjene for selskapskontroll ble vedtatt av kommunestyret i møte 17.02.09, sak 3/09.

Kontrollutvalet vedtok i 2009 å gjennomføre selskapskontroll i Haugaland Kraft AS i lag med dei andre eigarkommunane. Rapporten var klar på nyåret 2011 og lagt fram for kontrollutvalet i marsmøte og kommunestyret i juni.

Kontrollutvalet slutta seg i mai til ein invitasjon frå Vindafjord kontrollutval om å gjennomføre i lag med dei andre eigarkommunane (Haugesund, Vindafjord, Etne og Bokn) ei utvida selskapskontroll i Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM). Revisjonsfirmaet Deloitte AS blei engasjert til og utføra kontrollen og kontrollutvalet fekk rapporten i augustmøte. Kommunestyret handsama rapporten 06.09.11.

#### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Tysvær kommune deltek i dag i ei interkommunal revisjonsordning saman med Bokn, Etne, Karmøy, Sauda, Suldal, Sveio, Utsira, og Vindafjord. Kommunane har forplikta seg til å bruke Haugaland kommunerevisjon (HKR) for ein periode på 4 år fram til 31.12.11.

Tysvær kommunestyre vedtok i møte 9.september 2011 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.2012. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN den 29.12.11. Kommunestyret vil måtte velje ny revisor i løpet av fyrste halvår i 2012.

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har i 2011 vore oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor. Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og revisor har deltatt på eit av kontrollutvalet sine fire møte.

#### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Utvalet har også i 2011 følgt opp overgrepssaka. Ordførar orienterte om oppreisingsutvalet sitt arbeid i augustmøte. Utvalet hadde den oppfatning at saka var blitt handtert på ei god måte, men at det var viktig at dei feilvurderingar som var gjort ville bli påtalt frå kommunen si side.

Utvalet har tatt opp manglande kontroll knytte til offentlege oppdragsgjeverar og utanlandske arbeidstakar i etterkant av sak som fekk medieomtale. Utvalet har også diskutert kommunen sin rutine for varsling i byggesaker og lang handsamingstid.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, økonomiplanar, KOSTRA-tall, sjukefråversrapportar osv.

#### **4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL**

Kontrollutvalet handsama hausten 2011 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2012. Totalt var framlegg til budsjett på kr 639.000. Av dette utgjorde kr 400.000 til revisjonstenester, kr 170.000 til sekretariattjenester og kr 69.000 til utvalet si eige verksemd. I kommunestyremøte 13.12.11 blei budsjettet vedtatt. Utgiftene skal først i KOSTRA på funksjon 1100, slik at ein kan samanlikne med kva andre kommunar brukar på kontroll og tilsyn.

---

## 5. SEKRETARIAT

---

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2011 som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgsssekretariat IKS. Selskapet er eid av 10 deltakarkommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Ny dagleg leiar tok til i oktober og ny rådgivar i desember.

---

## 6. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2011 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon noko mindre enn det som er forventa. Året har vore prega av uvisse kring framtidig revisjonsordning. Etter at kommunestyret vedtok og seie opp av revisjonsavtale i haust, blei tenestene lyst ut på anbod i desember med anbodsfrist 30.01.12. Ved sekretariatet førte skifte av dagleg leiar til redusert kapasitet i perioden oktober - desember.

\*\*\*\*

Jakob Alstveit (Sp)  
leiar

Gunnar Egge (V)  
nestleiar

Laila Ramstad Nemeth (A)

Tormod Førland (H)

Randi I. Rettedal (Frp)